

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 10.02.17

Vår ref. 120/17/BSV5.7.1.3

Dykkar ref.

Fiskeridirektoratet region Vest (ref. 16/16681)

Radøy kommune

E-mail

RADØY, MANGER, KJEBOGEN –DETALJREGULERING 45/10 M.FL.

Viser til brev av 15.12.16, med vedlegg, frå Fiskeidirektoratet region Vest vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde, fiskeområde og all vår havbruksverksemd ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av et godt havmiljø med reine og produktive fjordar, noko som er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat.

I tillegg til eigna sjøareal til å fiske i.

Me har uttalt oss til saka tidlegare.

Ein føreset at det ikkje blir gjennomført spregning og utfylling i gyteperioden for torsk; 01. februar – 31. mars.og at massane som skal fyllast ut er reine. Det må vurderast om ein må nytte siltgardin for å avgrense spreining av støv/blkking av sjøområda, samt ein må hindra spreining av forureina sediment.

Fiskarlaget Vest krev at det må nyttast best mogeleg teknikkar for å førebyggje, og dermed hindre, forureining frå området, både i anleggs- og driftsfasen. Det gjeld både til luft og sjø. Ofte vanskeleg, og dyrt, å rydde opp i ettertid.

Fiskarlaget Vest vil igjen presisere at det ikkje må drivast verksemd inkl. lys/støy, som kan hindre/forringe bruken av kaste-/låssettingplassen nord for området.
Ein må ha minst mogeleg lys ut på sjøen.

Skipsanlaup må ta omsyn til bruken av sjøområda utafor reguleringsområdet.

Ein har elles ikkje merknader til saka om ovannemnde blir fulgt opp.

Med helsing
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebo

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Hordaland